

«Villmannen» låg under Kuhillaren

24.08.2018



Tjerand Aske låg under Kappelensteinen ved foten av Ulvanåso og lurte seg inn i sauehuset om natta for å sjå til sauene som dyrevernemnda hadde teke ifrå han. Garden på Musland i bakgrunnen.

Einar Musland var 17 år gammal då far hans i 1972 kjøpte ein stor saueflokk som dyrevernemnda i Kvinnherad henta med makt på eit lite småbruk på Borgundøy i Fjelberg, og frakta dei på lastebil til Uskedalen. Og trass i at dette no ligg bortimot femti år attende i tid, hugsar Einar enno godt mykje av det som skjedde den gongen




– Det var ei trist affære, ja, rett og slett vondt å sjå kor elendige sauene såg ut, fortel Einar Musland i boka.

– Ja, det var ei trist affære, og rett og slett vondt å sjå kor elendige sauene såg ut. Dei må ha vore heilt utsvelta. Far vår reagerte òg sterkt på tilstanden til dyra, kan eg hugsa. Difor gjekk han dei første døgera fleire gonger kvar natt til sauehuset og såg om dei.

Nokre dagar seinare kom også Tjerand Aske, den tidlegare eigaren av sauene til Musland – i all løyndom. Han hadde nok ikkje ro på seg etter at dyrevernemnda hadde teke affære og teke alle sauene ifrå han.

– Eg hugsar det blei fortalt at Tjerand låg under Kuhillaren, eller Kappelensteinen, som vi sa, i fleire netter. Han lurte seg inn i fjosen etter at det var blitt mørkt og folk var gått til ro for å sjå til dyra sine, minnest Einar Musland, snart 46 år etter den vonde dyrehistoria.

Historien frå Uskedalen illustrerer det mange andre fortel i ei fersk bok om Tjerand Aske; at han trass i dårleg sauehald og lite fôr var svært glad i dyra sine og at han ville forsikra seg om at dei hadde det bra hjå den nye eigaren på Musland. Men på Aske kom det aldri meir nye sauer. Tjerand stod igjen som ein ribba mann då fiskeskøyta «Fjelldur» bakka utifrå land med 50 – 60 sauer om bord.



[Kristian Hus er klar til å lansera ny bok på laurdag.](#)

No har Kristian Hus (78) skrive bok om småbrukaren, fiskaren og eventyraren Tjerand Aske frå Borgundøy, som døydde brått i Oslo nokre dagar etter at han var blitt 70 år. Boka har fått tittelen «Den sindige villmannen», men det er likevel ikkje nokon villmann i ordets rette tyding Hus har skrive om. Tvert imot; Tjerand var ein snill mann på alle måtar. Men mange av dei som er intervjuva i boka, skildrar han likevel som ein villmann, ein som levde i

pakt med natura. Sauene var det kjæraste han hadde, og tok det svært tungt når dyrevernemnda i 1972 greip inn og henta dyra med makt.

Utanom to tragiske dyrevernhistoriar vart Tjerand Aske mest kjend då han i 1931 tok turen over Folgefonna på ski – og sykkel. Denne turen er godt dokumentert gjennom tekst og bilete i «Den sindige villmannen».

Boka er til sals både i butikkar og på nettet. Les meir her: www.skimtvvis.no/aske.



[Boka vert å få kjøpt både i butikkar og på nettet.](#)

Pressemelding frå forlaget Skimtvvis

Nett: Thor Inge Døssland